

Halling- ljom



Fagblad for Hallinglaget - i Oslo -

- N.R. 1/22

INNHOLD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Innkalling til årsmøte	side	6
Årsmelding for Hallinglaget	side	7
Årsmelding for Hallingbu	side	10
Takk til Olav Thon	side	11
Program for vinteren/våren	side	13
Historia til Hallinglaget	side	14
Lagdans på Oslokappleiken 2021	side	17
Takk til kakebakarane i laget	side	17
Hallingspringaren i 2022	side	18
Infoside om Hallinglaget	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Godt nyttår alle saman! Året er 2022! Det er også Frivillighetenes år!

Eit nytt krevjande Coronaår ligg bak oss og dette året startar med ekstremt høge smittetal! Opp mot 25 tusen blir smitta dagleg! Sjølv om den nye varianten Omikron er mindre farleg enn tidlegare variantar av viruset så er den særsmittsam. Færre blir lagt inn på sjukehus og om ein er vaksinert med 2 eller 3 doser er ein rimeleg sikker. Men det er mykje styr om ein blir smitta, isolasjon i nokre dagar og testing seint og tidleg. Verst er det om ein får plager etterpå slik som mindre lukt og smak.

Akkurat no i starten av dette året er det ikkje lovleg med pardans, så Hallinglaget vil vente nokre veker før me startar opp me danseaktivitetane som var så vellykka sist haust. Ingen vart smitte då, så me kan konkludere med at folkedanserane i Osloområdet er lite smittefarlege og at folk heldt seg heime om dei ikkje er i form. Ein stor takk til alle som skapte liv og glede rundt seg i året som gjekk. Mykje av det som me sette pris på er beskrivi i dette bladet, så sett dykk ned og kos dikkon med lektyren ...

Kulturen har vore svært hardt ramma under pandemien, den har kjempa i motgang i snart to år. Heldigvis så kom Sparebank 1 Hallingdal (Sparebankstiftelsen) opp med ei ekstra coronastøtte denne hausten, og Hallinglaget sökte og fekk tildelt heile ti tusen kroner for å få aktivitetane i gang att etter nedstengninga. Difor kunne Hallinglaget køyre på med stor sal, Halli, og koste på seg instruktør på øvingane sist haust! Og med Ulf-Arne Johannessen og Åsmund Fauske Jøtun på laget vart desse øvingane heilt minneverdige. Det vart eit av dei beste halvåra i seinare tid og best av alt, folk kom på øvingane i frå alle kantar, fyrst mest ungdom, dei vaksne venta noko for dei var framleia redd for å bli smitta av corona.

Alle me som er med i styre og stell i laget vil kjempe for at me snart kan danse og begynne og leve som vanleg att. Det er så bra at me klarer å samle 20-30 personar på ei danseøving kvar onsdag! Det er imponerande, det må skyldast at spelet og dansen har noko ved seg som fengjer. Godt dansespel og god og inspirerande instruksjon er avgjerande. Her er Hallinglaget så heldige å ha særsmitt gode folk som stiller opp om me spør dei. Hugs også at dans er sosialt og er super trim.



Frå ei øving hausten 2021 der me fylte heile Halli med ein fin dansering.

Noko Hallinglaget aldri blir ferdig med er å halde Hallingbu, hytta vår i Lillomarka i god stand. Hytta vår er no definert til å være ei sommarhytte, for kjøkenet har ikkje fyring! I dette året har me peng nok til å starte ei omfattande og god oppussing av hytta vår etter den storslagne gáve frå Olav Thon på heile 50 tusen kroner. Merk dykk at dugnadene og grillinga på Hallingbu er noko av det beste laget får til. Meld frå om du vil bli ein del av «gjengen på Hallingbu» i året som kjem,

Hallinglaget vart skipa så tidleg som i 1899, så me er eitt av dei eldste bygdelaga i Oslo! Me som har vore med i mange år kjenner litt på alderen, men dansen heldt uss unge i kropp og sinn. No har også mange unge begynt å danse med liv og lyst på øvingane, og det er veldig gledeleg. Laget har mykje interessante papir frå dei siste 50-100 åra så me vil i det komande året starte opp arkivering av det viktigaste til Oslo Byarkiv. Si frå om du er interessert i dette og vil være med og bidra til sikker lagring av historia til laget. Ei kortversjon av historia til Hallinglaget er med i dette bladet.

Kjenner du nokon som er interessert i hallingkultur så få dei med på ei øving... Berre dei gode kakene som me har på øvingane er verdt inngangspengane. Ein stor takk til kakebakarane. Eg må også takke eldsjelene som heldt liv i laget, og eg håper mange fortset som medlem for å halde liv i Hallinglaget som vil kome sterkt tilbake når pandemien endeleg er over ...

Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!

*Beste helsingar
frå Terje Grangård,
Leiar i Hallinglaget*



Hallingbu ein fin vinterdag for mange år sidan ... kjekt å ta ein dagstur hit og måke taket!

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I 2022

I HALLINGLAGET I OSLO

Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget

Onsdag 2. mars kl. 18.00

i

HALLI

Nordahl Bruns gt. 22.

*(Om smittehelvete fortset kan det bli Teamsmøte;
meld dykk på med e-post-adressa di om du vil vere med!)*

Sakliste:

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2021
4. Godkjenning av rekneskapen for 2021
5. Arbeidsplan for år 2022
Mykje dugnadsarbeid på Hallingbu: Beise hytta og uthus.
Måle bølgjeblekktaka og rydde litt skog og lage til ved.
6. Fastsettjing av prisar og medlemspengar for 2023.
Forslag: 20 kr. i auke for dei tre abonnementstypane.
7. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3-4), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)
8. Velje representantar til Årsmøte i BLS 15. mars.
9. *Diskusjon:*

Visjonar for framtida for Hallinglaget og Hallingbu.

Hallingbu krev meir vedlikehald og tilsyn, korleis klare det?

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 24. februar 2022.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2021, har røysterett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte.

Vel møtt!

Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2021

Styret:

Leiar: Terje Grangård.
Nestleiar: Åsmund Fauske Jøtun.
Kasserar: Gro Sissel Taraldrud.
Skrivar: Heidi Wie.
Styremedlem: Berit Grøtt Ellefsen.
Styremedlem: Else Mohn.

Hyttestyre:

Hyttesjef: Else Mohn
Medlemer: Michel Gascoin og Trond Roseth.

Bladstyre: Terje Grangård, Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Danseleiar: Knut Skrindo valgt, men Ulf-Arne Johannessen fungerte i haust.

Valnemnd: Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

Revisor: Alix Cordray

Coronaåret 2021 var eitt vanskeleg år i Hallinglaget si historie, med full stillstand og avlysing av alle øvingar fyrste halvår. Etter ein sommar der mange vart vaksinerte starta me opp att dansinga denne hausten med særskilt god deltaking. Folk ville ta livet tilbake; så folk kom i flokk og følgje på øvingane denne hausten, spesielt ungdommen! Aldri har så mange ulike personar kome innom, så dansen har gått over glatte golv til supert dansespel og instruksjon. Meir om øvingane seinare.

Heldigvis støtta medlemene opp om laget og heldt fram sjølv om det ikkje var aktivitet fyrste halvår! Så Hallinglaget hadde 26 fullt betalande medlemer og 5 bimedlemer også dette året. Av medlemene var det to personar under 26 år og laget håper på fleire neste år! Ungdomen har verkeleg begynt å kome på øvingane i haust, så no ser me litt meir positivt på framtida. Antall medlemer er særskilt viktig for laget, så bruk innbetalingskortet! Merk at det er ekstra rimeleg for dei under 26 år å bli medlem (kun 250 kr.), for dei over 26 er det 380 kr. som året før.

Ei sjokkmeldinga tidleg på våren, om at pipa på Hallingbu var knekt på hemsen pga. at snømassene hadde pressa pipa ut av stilling, fekk fart på dei sentrale i styre og stell seg til ein imponerande dugnad alt den 19. juni. Heile 6 personar møtte opp og ved felles innsats kom pipa på plass med det beste lim i sprekken. Etter det vart pipa pussa og malt to gonger, likeins peisen i stugua, brannmuren i midtrommet og golvet og brystkledninga på hemsen.

Den årlege spikjikkjøtturen var avvikla etter planen onsdag den 9. juni med 8 personar til stades. Her vart stemninga særskilt god då Michel Gascoin dukka opp og lagde litt fransk stemning med ei kake og ei flaske champagne slik at me kunne feire bursdagen hans! Og utruleg kva ein finn i skåpa på Hallingbu, fine stetteglas i plast for dei store hendingane. På denne turen vart også planene lagt for den komande pipedugnaden nevnt over.

Sjølv om det var ein del smitte i Oslo så var mange dobbelvaksinert denne hausten, så me starta opp danseøvingane etter planen! Også fordi Åsmund og Ulf-Arne ivra for «at no må me starte å danse, jo før jo heller!». Både laus og springar! Det var fint at me gjorde det, folk kom i flokk og følgje for å danse og stemninga på øvingane var veldig god. I starten var det mest ungdomen som kom, pluss dei verkeleg dansegladde. Ein stor takk til spelemennene våre, normalt veksle Åsmund og Ulf-Arne på å

spele, henholdsvis på hardingfele og einrader. Dette skapte variasjon og glede og så fekk begge karane også danse! På øvinga 6. oktober spelte unge Kjetil Meberg Myhren på hardingfele så alle fryda seg. Kjetil har spelemannstakter så det heldt og han spelte også på Lagdansen under Osloappleiken i november. Sjølv om nokre sikkert synes det var dristig å starte med pardans, så har me tenkt slik: det er jo berre 2-300 i Osloregionen som driv med folkedans og så lenge dei er friske så går det bra! Og alle vart registrert med namn og telefonnummer, slik at alarmen ville gå om nokon vart smitta. Faktisk har heile 69 personar blitt registrert i Hallinglaget denne hausten, alt frå gamle kjenningar, til proffdansera, studentar frå NMH og NMBU (Landbrukskole på Ås). Minikurset me hadde 10. oktober samla også 24 deltakera, og Åsmund og Ulf-Arne gav alt så folk dansa bra etter berre halvannan time!

Deltaking på øvingskveldane denne hausten i 2021:

8.sep	22.sep	6.okt	20.okt	3.nov	17.nov	1.des
22	27	29	31	25	23	32

Ein kan følgje med på aktivitetane våre på Facebook-gruppa «Hallinglaget i Oslo». Der er også bilder og videoar på Instagram og dei som er registrert med e-post får info om kva som skjer i laget. Styret synes det viktigaste laget gjer er å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden, og takker alle som kjem og dansar og bidrar til det gode samhaldet i laget.

Dette året har me hatt eitt elektronisk styremøte i januar og eitt fysisk styremøte i september. Ved sidan av desse møtene har det blitt mange epostmeldingar der me har planlagt aktivitetar og drift. Når me samlast til styremøte i Nordahl Bruns gate blir pizza servert, det gir god stemning under møtet.

Hallinglaget var også tilskipar av Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate sundag 10. oktober. Kvelden vart bra og laget takker dei som hjalp til, for desse kveldane er viktige for laget. BLS støtter laga som bidrar med tusen kroner og dette er ei kjærkomen inntekt. Laget treng faktisk nokre inntekter for å klare seg. Alle må merke seg at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen, og folk som dansar i Hallinglaget er relativt gode til å møte opp.

Ekstra moro var responsen på om Hallinglaget skulle stille på Osloappleiken dette året (på Riksscenen laurdag 27. november). Det er sikkert snart ti år sidan me stilte sist! Arket eg sendt rundt på ei øving føreåt resulterte i heftig påmelding, 7 kvinner og 4 menn skreiv seg på direkte! Då var det mogeleg å få registrert heile 6 par som ville danse innan påmeldingsfristen. Då dagen kom var det ein kar som var sjuk, men han vart erstatta av ein annan dansar frå oss og ikkje nok med det – eit par til heiv seg med rett før me gjekk på scena. Slikt er moro, liv og glede og me vart nummer 3 av 4 lag, heilt ok og samhaldet vart styrka.

Juleavslutninga 1. desember vart supervellykka, alle i Styret stilte og me var heile 32 denne kvelden med masse kaker og kos. Fyrst var det konsert med Thea Tunaas Bratteng som spelte tre springarar og prata litt om læremeisteren sin Jens A. Myro. Fela ho spelte på hadde Olav Sletten frå Ål laga, han var også ein god og ivrig dansar som eg hugsar dansa springar til han var 90 år! - eit godt førebilete for oss. Det gode dansespelet denne kvelden sytte Ulf-Arne Johannessen og Åsmund Fauske Jøtun for.

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar, etter heltemodfig innsats av underteikna. Begge utgåvene i år er trykt i farger hos CopyCat på Helsfyr, det er fine utgåver som me håper folk set pris på. Papirkopier av avisar blir no berre sendt ut til medlemene og til dei dei som kjem på øvingar og kurs. Men alle på epost-lista til Hallinglaget får avisar på elektronisk form. Arbeidet med lagsbladet er viktig, både for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader for lagsdrifta. Hallingljom er ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje er eldsjel for

avisa, og han set umåte pris at andre skriv noko også. Artige bilder er også viktig for ei god avis. Difor må alle være hjelsomme med å sende inn bidrag i form av tekst og bilder.

Nettsidene til Hallinglaget finn ein på www.hallinglaget.net. Her finn ein aktivitetane under eigen side samt ei side med linkar til dei siste utgåvane av Hallingljom.

Dette året fekk Hallinglaget nytig stønad frå Sparebank 1 Hallingdal Valdres og Skue Sparebank, der Sparebank 1 slo til med ei ekstra Coronastøtte denne hausten som kom veldig godt med og sikra stor aktivitet og instruksjon på alle øvingane i haust!. Men ingen slo Olav Thon som var så imponert over pipedugnaden på Hallingbu denne sommaren at han støtta uss med heile 50 tusen kroner for oppussing av hytta vår i åra framover. Hallinglaget takker alle gode hjelgere og all støtte i dette særskrevjande coronaåret. Laget får også momskompensasjon kvart år etter godkjent årsmelding som må må sende inn til Noregs Ungdomslag kvart år i løpet av mars. Det er viktig at nokon i Laget vårt er vakne og passer på alle slags frister. Aller viktigast er det at folk kjem på øvingane og tilskipingane våre. Hallinglaget rettar ein kjempestor takk til alle som bidreg og som tar i eit tak for laget.

Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet vårt! Hallinglaget set stor pris på at folk skriv og engasjerer seg i det som me driv med. Vel møtt til det nye året når me startar opp, til leik og moro og litt jobbing.

Leve Hallinglaget!

23. jan 2022,
Terje Grangård



Hallinglaget danser Lagdans på Oslokappleiken laurdag 27. november 2021. Heile sju par dansa!
Frå videoen av dansen vår som ein kan sjå på Facebook-gruppa «Hallinglaget i Oslo».
Videofotograf: Hilde Fossum.

Årsmelding Hallingbu 2021

Årets store julegåve kom i år heilt overraskande frå Olav Thon.

Han leste Hallingljom så grundig at han såg at det er naudsynt med vedlikehald av hytta, og sendte oss ei raus pengegåve te det, noko me er svært takksame for !

No vil me planlegge nokre gode dugnader i året som kjem, med måling av bølgeblekktaket, beise hytta rund baut og vurdere kva me etterkvart kan gjere inne.

Sjølv med restriksjonane gjennom året som var vart det fine turar te Hallingbu.

Michel var oppe på hytta tidleg mai, og det var da han oppdaga at pipa var knekt og skakk av dei store snømassane gjennom vinteren.

På Spikjikjøtturen i juni var me 8 personar med mykje herleg spikjimat ute på tunet i finvêret.

Seinare gjennomførte me fleire dugnader, der me blant anna fekk den knekte og skeive pipa på plass att. Denne dugnaden er særskilt godt beskrive i førre Hallingljom, nummer 2 i 2021.

No håper me på opnare tider framover og eit godt år for Hallingbu med mykje besök, arbeid og aller mest hygge i lag på den kjekkaste hytta oppe på haugen

Else Mohn



*Frå spikjikjøtturen i det grøne. Frå venstre: Else, Trond, Michel, Heidi og Jette,
Fotograf: Svein Aasen.*

Hjarteleg takk til Olav Thon



Vår støttespolar og venn Olav Thon med sin fru Sissel Berdal Haga for nokre få år sidan

Siste året slutta særslig godt, gilde øvingar og med ein telefon frå Olav Thon der han varsla si storlagne gav på heile 50 tusen kroner til framtidig oppussing av Hallingbu. Då var det berre å rope hurra og skrive gladmeldingar til alle og satse på store dugnader neste år. Alle som kan må møte opp på desse dugnadene, for dugnad er moro og me vil sørge for fine treff i marka med mykje arbeid og kjempefine grilltreff i det grøne.



Bilete frå den namngjetne turen til Hallingbu med Olav og vedlikehaldssjefen Vidar, som var med Else og Terje på vitjing og synfaring på Hallingbu sommaren 2012.

Denne gilde turen i 2012 resulterte i ein stor dugnad der me bar inn både materialar og madrassar som Olav betalte! Og ikkje nok med det, Vidar og to karar til jobba gratis for oss på Hallingbu i to heile dagar! Det resulterte i nytt golv og ein ny vegg i midtrommet, ny familiekøye i soverommet og ikkje minst ein ny solid pilar under kjøkenet som gjer at Hallingbu vil stå slik ho no står i veldig mange nye år.

Hallinglaget er rørt og glad for at Olav tenker på oss i sitt 99 år. Han skal vite at desse pengane vil kome godt med i åra framover.

Terje Grangård



Hallingbu i det grøne og med den fine vollen framom. Her blir det stor aktivitet til sommaren.

Fotograf: Svein Aasen

Alle som vil ta i eit tak på Hallingby må si frå til laget.

Dugnad er sosialt og moro og maten smaker ekstra godt etter vel utført arbeid.

HALLINGLAGET i OSLO vinter/vår 2022

Program i Halli, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er øvingar desse onsdagane:

For meir info.: *Meld dykk på e-post-lista til Hallinglaget, eller bli ven på Facebook!*

19. jan. Laus/Springarøving kl.. 18:30/19:00. Avlyst pga. Coronanen!

2. feb. Laus/Springarøving kl.. 18:30/19:00. Avlyst pga. Coronanen!

16. feb. Lausøving kl. 18:30/19:00. – Instruksjon Ulf-Arne Johannessen!
Springarøving kl. 19:00. - Åsmund Fauske Jøtun spelar!
instruksjon etter behov!

2. mar. Laus/Springarøving kl. **19:00/19:30**. – *Merk tida!*

16. mar. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00. -

30 mar. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00.

27. apr. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00.

11. mai Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00.

8. jun. Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00.
- Utdeling av diplom til ihuga dansarar.

Sundag 6. februar: MINIKURS I HALLINGSPRINGAR kl. 18:00! AVLYST!

MERK: Hallinglaget skipar til denne Folkedanskvelden frå 19:30–23:00!

Onsdag 2. mars: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!

Startar presis kl. 17:30 i HALLI !

Medlemer oppfordrast til å møte! Styret i Hallinglaget set pris på innspel ...

Andre viktige hendingar dette halvåret:

25. mai – 29. mai: Folkemusikkveka 2022 på Ål!

Sjå: <http://www.folkemusikkveka.no>

Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta nokre fridagar i mai og bli med!

Planen er at Hallinglaget vil leige ei hytte i Satakroken som vanleg ...

Onsdag 15. juni: Spikjkjøttur til Hallingbu!

Opplev hytta vår og Lillomarka på sitt beste ... Bli kjent i marka!

22. juni - 26. juni: Landskappleik i Rjukan i Tinn!

Telemark er bra! Sjå: <https://www.landskappleiken.no>

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.net

Facebook: Hallinglaget i Oslo

Instagram: Hallinglaget i Oslo

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (482 04 652), (grangard@online.no)

Åsmund Fauske Jøtun (938 33 229), (aasmundfauske@gmail.com)

Gro Sissel Taraldrud: (480 34 943), (gst@cultura.no)

Historia til Hallinglaget i Oslo

Me seier at Hallinglaget i Oslo vart skipa i 1899, som eit av dei eldste laga i BLS. Dette er delvis rett, dei fyrste 15 åra (fram til 1914) kjempa fleire lag om å være laget for utflytta hallingar i byen. All denne aktiviteten var ein del av den store bølga av nasjonal frigjering som også resulterte at Norge vart sjølvstendig i 1905. Det fyrste laget for hallingar var «Hallingen» som vart skipa i februar 1899. Hallingen var eit lag som hadde som formål å samle medlemene i og utanfor Oslo til selskapeleg samvær. Det var møte om lag kvar 14. dag og ein eller to gonger i året vard det fest med varm mat, øl og dram! I Hallingen dansa dei springar og halling, moderne dans var heilt forbode og medlemstalet var om lag 100.

Utover på 1900 talet kom nye tankar inn i bygdelaga, sterkt påverka av Bondeungdomslaget i Oslo (BUL). Dette laget hadde foredrag, ordskifte, musikk og folkeviseleik på møta sine. Også Hallingen vart påverka av dette slik at nokre medlemer braut ut og skipa til eit nytt lag «Hallinglaget» i 1910. Dette laget hadde også formål å være ein selskapeleg møtestad med underhaldning, opplesing, song og dans. Her kunne hallingane ta med seg kjenningar på møte. Det vart no helst dans, ikkje minst etter at møta vart lagt til Turnhallen, eit lokale der folk var vane med å samlast til dansemoro. Foredrag og ordskifte vart det mindre av, noko som resulterte i strid om møteprogrammet. Difor starta ein ny gjeng med hallingar eit nytt lag i 1912 som fekk namnet «Hallingljom». Dette laget skulle bygge programmet sitt på heilt nasjonal grunn etter mønster frå den frilynde ungdomsrørsla og Bondeungdomslaget i Oslo. Desse stridighetene har vel vore med heilt opp til våre dagar, fråhaldsrørsle eller alkohol, bygdedans, folkeviseleik, eller gamaldans, samt norskdomsrørsle med nynorsk, lokal mat og lokale tradisjonar. For å gjera denne historia kort så klarte hallingane tidleg i 1914 å einast om å gå saman i eitt lag som fekk namnet **Hallinglaget**. Takk for det. Arbeidet til Hallinglaget var tufta på ideane til den frilynde ungdomsrørsla, med arbeid for norsk mål og nasjonal sjølvstende. På møta var foredrag og diskusjon, underhaldning med song musikk og opplesing og sjølvsagt **dans!** Men dansen var eit stadig tilbakevendande diskusjonstema i laget, men dei siste 40 kan ein si det så sterkt at det er hallingspringaren som har redda laget fram til no.

I 1923 gjekk Hallinglaget saman med mange andre bygdelag i Oslo og skipa Oslo Fylkeslag, ein samskipnad som var knytt til Noregs Ungdomslag og med eige hus i Nordahl Bruns gate 22.

Av store hendingar i Hallinglaget må nemnast at laget fekk laga til ei sær fin fane som vart avduka i 1947, som var eitt av dei fyrste gode driftsåra etter krigen.




I desse åra arbeidde også mange for ei eiga hytte i området rundt hovudstaden. Det var stort behov for dette for det var langt opp til Hallingdal og det var eit sterkt ynskje om sin eigen samlingsplass. Etter å ha leid hytte i mange år klarte Hallinglaget å kjøpe ei fin hytte i Lillomarka nær Sinober i Nittedal Kommune i 1955. Prisen var heile 20 tusen kroner, om lag det same som for eit hus! Hytta vart kledd utvendig og påbygd med eigen gang og kjøken. Ny peis vart mura og nytt stoveglas vart også sett inn. Hytta fekk namnet Hallingbu og er den største eiga til laget!

Hallingbu har ei tomt på heile 11,3 mål. Skogen vart hogd i 1994 men har vekst seg stor att!

Hallinglaget hadde ei veldig stor tilstrøyming av folk i tiåra før og etter krigen. Då var det viktig å ha medlemskapet i orden for å kome inn på øvingane, Me veit at det var kø nedover Nordahl Bruns gate heilt til Pilestredet med folk som ville inn på tilskipingane. På 50-års festen i 1949 var det 300 personar til stades og det var over 200 på 75-års festen i 1974. Men i 1975 hadde Hallinglaget si største krise, det var stillstand i laget i heile 5 år! Heldigvis var det ein medlem, ein leiar, som sendte inn årsmeldingar kvart år til laget starta opp att med eit fulltalig styre på seks personar i 1980. Etter det har Hallinglaget klart seg brukbart bra med jamlege helgekurs, danseøvingar, ein del lagsmøte og deltaking på lagdans på ein del kappleikar. Faktisk klarte Hallinglaget å stille lag på heile ni Landskappleikar etter kvarandre, den fyrste var på Geilo i 2007. Så dansen, dvs. hallingspringaren er det som har vore viktigast for halde Hallinglaget i live i alle desse åra. Samstundes har laget klart å halde hytta Hallingbu i hevd og der har ikkje mangla på utfordringar. Alle glas unnateke stoveglaset er skifta ut, pipa er utbetra tre gonger og det er lagt nytt golv i stugua og i midtrommet. Hytta har også fått ny vedomn i midtrommet. Hytta er brukbart vedlikehalde og er beisa utvendig fleire gonger og bølgeblekketaket er måla og reparert etter behov. Dugnadane og samlingane på Hallingbu har skapt eit godt samhald mellom dei som har vore med, men bruken er for tida låg. Utviklinga har vore slik at folk har si egen hytte og avstanden opp til Hallingdal er kortare og folk har meir fri enn i tidlegare år.



Fana til Hallinglaget vart avduka i 1947



Logoen til Hallinglaget vart laga i 2019.

Desse to sidene over er eit utkast til ei jubileumsbok om BLS (Bygdelagssamskipnaden) som fyller hundre år til neste år i 2023. Denne boka skal ha ei kort historie om kvart av laga som har vore med i denne samskipnaden sidan 1923. Det har vore mellom 15 og 20 lag i desse åra. Historia vår viser at det har gått opp og ned, dei siste åra har laget hatt ei medlemsmasse på mellom 30 og 40. Litt bekymringsfullt er at dei fleste i styre og stell har vore med i heile 10 år! →så Hallinglaget treng nye folk som vil ta i eit tak om det skal være liv laga i åra framover. Diverre synes ikkje ungdomen å være så glad i å arbeide med lagsdrift, dei vil helst gå til dekka bord, og me konkurrerer med organisasjonar som har statsstøtte på millionar, til døme Riksscena for Folkemusikk og Dans her i Oslo. Men laga i BLS er viktig som ein bastion for den folkelege kulturen som blir drive på frivillig basis og der amatørane har sin eigen tumlelass. Les gjerne føremålsparagrafen til Hallinglaget i Oslo nedanfor

Terje Grangård

TUFT

1.1 Hallinglaget er eit frilyndt ungdomslag for hallingar i Oslo. Det er av og for hallingar og deira skyldingar i byen. Men vener og andre som syner særleg godhug for laget, kan òg bli med. Laget vil halda i hevd og utvikla kultur frå Hallingdal.

1.2 Laget skal halda hallingspringaren i hevd gjennom faste øvingskveldar og skipa til kurs med jamne mellomrom. Hallingspelet skal hegna om - låttar frå Hallingdal skal lyda i salane der laget kjem saman. Hardingfela skal ha hovudrolla, men låtinga kan elles kome frå eldre folkemusikkinstrument, reine røyster og dragespel. Laget godtek all dans og musikk, men vil særleg dyrka den eldre bygdedansen i landet. Eit særskilt ansvar ligg på laget for å driva vidare dans og spel som tradisjonelt har hørt Hallingdal til; - lausdansen og hallingspringaren.

1.3 På samkomer skal medlemene tala sitt naturlege heimemål. Nynorsk skal nyttast i alle skriv som har med Hallinglaget å gjera og i lagsbladet Hallingljom. Laget vil vekkja folk til auka vørdnad for hallingmålet og anna norsk mål.

1.4 Laget skipar til samkomer av ymse slag. Foredrag frå innbedne gjester og eigne krefter skal kveikja til ordskifte mellom medlemene og gjeva gaum i lagsflokken. Styret syter for å finna fram til folk som kan opplysa oss i interessante emne og gje god underhaldning som høver laget vårt.

1.5 Rusmiddel skal ikkje dyrkast i Hallinglaget.

1.6 Laget driv elles vanleg ungdomslagsarbeid og set opp spelstykke når lagslyden ynskjer det. Friluftsliv og idrett høyrer naturleg med i drifta av Hallinglaget. Lagshytta Hallingbu står i Lillomarka og skal brukast av medlemene.

Lagdans på Oslokappleiken 2021



Etter Lagdansen: Det var så mange med at fotograf *Svein Aasen* ikkje fekk med alle på bildet, sjølv med «vidvinkel» ..

Frå venstre: Berit, Ulf-Arne, Kjetil (spelemann), Ånund, Nina, Tone, Hallvard, Ingrid, Terje og Amalie

... desse vart ikkje med på bildet: Mathias, Ingrid, Åsmund, Solfrid og Vebjørn.

Me lister opp dei som var med enno ein gong slik at det er dokumentert kven som var med på Lagdansen:

Spelemann: Kjetil Myhren

Dansarar: Berit Johannessen, Ulf-Arne Johannessen, Ånund Myhren, Nina Losnedahl, Tone Ingvaldsen, Hallvard Ofstaas, Ingrid Løkken, Terje Grangård, Amalie Kinsarvik Tvilde, Mathias Thedens, Ingrid Fossum, Åsmund Fauske Jøtun, Solfrid Nestegard Gjeldokk og Vebjørn Jøtun Fauske.

Ein STOR TAKK til ALLE som var med !

Kakebakarane i Hallinglaget

Hallinglaget retter ein stor takk til alle kakebakarane i laget! Dei er viktige for at pauza under ein dansekveld skal bli heilt topp. Fleire og fleire set pris på desse pausane og minnest med eit smil den tida då det var kjeks og saft blanda i ei kanne til dei som kom. No er det varierte kaker som smaker særskilt godt etter fyrste dansekvelta på ein time, samt kaffi og te. No håper me sjølvsagt at ikkje kravet til å bake skal bli for stort, det er nok at ein har ei heimebaka kake å bite i. Dei få gongene me ikkje lukkast me å få nokon til å bake ei heimelaga kake, blir det Kiwi-kaker som ei naudløysing.

På juleavslutninga var det overveldande med kaker, heile fire kakebakarar, også nokre som synte stor kreativitet! Tenk at me fekk peparkaker dekorert med namna våre på! Det slo an, likeså ekte julekake påsmurt med smør og brunost på! Kjekt for dei som ikkje hadde fått tid til å få i seg ein solid middag før dei kom ... Og aller først var det gløgg og småkaker til dei som kom ved Else.



Kakebakarane på juleavslutninga, Solfrid, Åsmund og Silje 😊!
!



Else fant si eigen peparkake

Tidlegare denne hausten var det desse kakebakarane som gjorde dansekveldane til ein fest:
Else Mohn, Berit Johannessen, Ingrid Løkken og Anne Cathrine Johansen.

Hallingspringaren i 2022

Før me veta ordet då det så era me kasta inn i eit nytt år. Ja, det er berre å hengje med. Det nyttar i alle fall ikkje å stritte i mot.

Det meste æ som det ha vore, men koronapesten tekstrupetak på uss i inngangen på det nye året og held uss nede i kneståande. Ser ikkje ut som han ha tenkt å sleppe taket heilt enno, men snart? Så pust ut og pust inn, det kan hjelpe når det dreg seg te.

Spørsmålet som kan stillast i inngangen til det nye året: Sko me tillate munnbind i hallingspringaren i 2022? Svaret er enkelt. Det er ingen tradisjon for munnbind i denne dansen. Tradisjonane må ha rang framfor smitta.

Munnbindet har det siste året lært uss ein viktig ting: Ord som blir sagt gjennom munnbindet er lette å høre, å ja, å ja, men det personen eigentleg prøver å seie, æ ikkji so lette å få tak i?

Ansiktsbevegelsar, som skulle forsterke og krydre orda, er burte. Eit grått og daudt språk utan sjel og liv. Eller, kanskje endå meir, som å vere sosial på digitale plattformer- ikkje veldig sosialt spør du meg.

Det fær me te å teinkji på hallingspringaren og lausdansen som også er eit måte å formidle bodskap til andre på. Me gå på kurs og lære å fløte på føtadn – helst i takt med musikken. Det trengs. Det æ bra.

Ein nokolein dans kan det fort bia.

Men dansen handlar om så mykje meir enn å fløta på føtadn. Ko sko me gjera då armadn, ko med eksladn og økludn? Hoftudn og hoftesvaien er kanskje det aller viktigaste i dansen og sjølvsagt nakkjin og hovudet må vere med for å få fram ein levande dans.



God driv over dansen i Nordahl Brunsgate.

Dansen skal ha eit personleg preg, ein personleg bodskap skal formidlast. Då nyttar det ikkje å berre gå rundt og trø og vabbe. Nei, ta i bruk alle dei fine kropsdelane du måtte ha i 2022. Då blir dansen meiningsfull og du vil formidle ein bodskap til omverda.

Her vil eg ta fram Sjåheimen frå Øygardane i Gol, som eg så vidt kan hugse frå mine yngre dagar. (Altså ikkje så veldig lengje sidan.) Når han dansa, veiva armane og hovudet rundt i vilden sky. Innlevinga var total. Heile krøppen følgde med. Kjaften og tunga leto med musikken medan føtadn såg det ut som han ikkje brydde seg så mykje om. Noko å teinkje på for oss ivrige dansarar i hallinglaget i 2022.

No stundar eg og mange med meg, fram te at dansen kan kome i gang att i det nye året. Alle skal med. No er det vanlege folk og alle kropsdelane sin tur.

Olav Arne Løstegaard



Friske svev i hallingspringaren i Nordahl Brunsgate.

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2022

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 380,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 200,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg ofte ved første sendinga etter nyttår, elles er det berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Betal gjerne, for laget treng medlemer for å klare seg! Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**. Hallinglaget har Vipps til denne konto, med ny **Vipps** kode: **48204652**

Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns GT. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
 - Informasjon om andre folkemusikktildelingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
-

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivilligehetsregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget få 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra.

Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Hallinglaget i Oslo

Webside: www.hallinglaget.net

Facebook: Hallinglaget i Oslo

Instagram: Hallinglaget i Oslo

**TEKNISK ARRANGØR, DANSEMUSIKK OG MINIKURS PÅ
FOLKEDANSKVELDAR – 1. HALVÅR 2022**

Følg med på www.bls.no for oppdatert oversikt! Også pga. Coronaen!

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
Januar '22		
02.	Ingen søndagsdans	
09.	Symra / Eiker spelemannslag Avlyst	Sunnmørsspringar Avlyst
16.	Numedalslaget / Østerdølene Avlyst	Nordlandspols Avlyst
23.	Sogn og Fjordane ringen / Gelaget Avlyst	Bingsjøpolkska Avlyst
30.	Hordaringen / Fanteladdene Avlyst	Rørospols Avlyst
Februar '22		
06.	Bærum spelemannslag	???
13.	BUL / Samdanslaget	Finnskogspols
20.	Folkedansnemnda / Feleboga	Rørospols
27.	Sogn og Fjordaneringen / Steinsgårdskroken Kun Halli den kvelden	Bodapolska
Mars '22		
06.	Symra / Symradern og Att og Fram	Turdans
13	Valdreslaget / Bærum spelemannslag	Nordlandspols?
20	Hordaringen / Farande Fant	Finnskogspols
27.	Sogn og Fjordaneringen / Østerdølene	Bingsjøpolkska
April '22		
03.	Symra / Elise med venner	Sunnmørsspringar
10.	Ingen søndagsdans - Palmesøndag	
17.	Ingen søndagsdans - 1. påskedag	
24.	BUL / Dølalæte	Havleik-danser
Mai '22		
01.	Leikarringen Frøy / Farande Fant	Valdresspringar?
08.	Symra / Symradern og Att og fram	Turdans
15.	Ingen søndagsdans	
17.	Folkedansnemnda / De Frilynde	Ingen minikurs
22.	Hordaringen / Fanteladdene	Springleik
29.	Folkedansnemnda / Østerdølene	Rørospols?

Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt. 22 i Oslo.

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 100,- / ikkje-medl. kr 130,- / Studentar kr 50,-

Inngang Minikurs: Medlemmer og ikkje-medlemmer berre kr. 130,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld! Berre kr. 80,- for studentar

Styret i Hallinglaget 2022-2023

Leiar: Terje Grangård Tlf.: 482 04 652 – mobil
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo E-post: grangard@online.no

Nestleiar: Åsmund Fauske Jøtun
Steintrøa 31, 3550 Gol Tlf: 938 33 229-mobil
 E-post: asmundjotun@gmail.com

Kasserar: Gro Sissel Taraldrud
Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr Tlf: 480 34 943 – mobil
 E-post: gst@cultura.no

Skrivar: Heidi Wie Tlf: 975 23 734 – mobil
Dyringveien 67, 1385 Asker E-post: heidi.wie@outlook.com

Medlemer: Berit Grøtt Ellefsen
Gåserudgata 2A, 3032 Drammen Tlf: 480 40 062 – mobil
E-post: beritsatelier@hotmail.com

Else Mohn Tlf: 958 79 270 – mobil
Reshjemvegen 247, 3677 Notodden E-post: helsemor@hotmail.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård Tlf: 482 04 652
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo E-post: grangard@online.no

Medlemer: Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn Tlf: 958 79 270
Reshjemveien 247, 3677 Notodden E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Michel Gascoin og Trond Roseth.

Danseleiar: Ulf-Arne Johannessen Tlf.: 477 56 565

Revisor: Alix Cordray **Tlf.:** 917 66 051

Valnemnd: Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er:www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bls.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no.

Hallingbu



{P}{B}

32%